

# KYRKJEBLAD

63. årg.

FOR VAKSDAL

Nr. 2/2009

**Andakt** Side 3**Slekters gang** Side 11**Gudstenesteliste** Side 12**Nedskjeringar  
for kyrkja**

Side 4

**Konfirmantbilette**

Side 6 og 7

[www.vaksdal.kyrkja.no](http://www.vaksdal.kyrkja.no)

## DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

### Kyrjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3  
5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20

Faks 56 59 39 29

E-post: kyrjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

### Ekspedisjonstid:

Tysdag og torsdag kl. 09.30-15.00

onsdag kl. 11.00-15.00

### Kyrkjeverje Svein Tøsse

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltlf. 95 97 99 05

E-post: kyrkjeverja@vaksdal.kyrkja.no

### Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltlf. 90 84 06 24

E-post: edvard.boe@vaksdal.kyrkja.no

Postboks 23, 5725 Vaksdal

### Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen og  
Nesheim sokn

Tlf. kontor 56 59 39 20

Mobiltlf. 90 19 65 14

E-post: frode.kvamsoe@vaksdal.kyrkja.no

Tlf. privat 56 59 73 15

E-post: fkv@broadpark.no

### Kantorane Olav Arne Steinkopf og

### Tone Synnøve Øygard Steinkopf

Tlf. kontor: 56 59 39 20

Tlf. privat: 56 59 56 25

E-post: steinkopf@online.no

### Organist i Eksingedalen og Eidsland

#### Asbjørn Nese

Tlf. privat: 56 59 59 26

Mobiltlf. 95 22 84 47

### Telefon til soknerådsleiarar

**Stamnes:** Odd Helland, 56 59 81 33

**Eksingedalen:** Britt Nese, 56 59 58 12

**Felles for Vaksdal, Dale, Bergsdalen og**

**Nesheim:** Ragna Lid, 56 59 89 20

### Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

## Er du medlem?

Du har heilt sikkert høyrte spørsmålet mange gonger. «Er du medlem?» «Har du medlemskort?» Handlar du på butikken, bensinstasjonen eller kiosken kan du få spørsmålet.

Medlemskortet vert henta fram, og du får ein rabatt eller nokre poeng når vara er kjøpt. Det kan verte trekt i frå i kassen, eller bonusen vert liggjande på ein konto til du ein vakker dag hentar den ut. Skal du forsikre bilen, huset eller båten, vert du kanskje spurt om du er medlem i NAF, LO, eller MA, og i neste omgang får du rabatt på forsikringspremien. Medlemsfordelar kan hentast ut, ymse godar kan skaffast.

Medlemsomgrepet vert og nytta i Den norske kyrkja. I Vaksdal er det i skrivande stund 3 746 medlemmar. Det gjer kyrkja til den største medlemsorganisasjonen i kommunen. Kanskje nokon spør seg om kva gode vi har som medlemmar? Kva tid kan bonusen hentast ut? Vi som er medlemmar har få plikter, men ei rekkje godar. Det vert lagt til rette for dåp, trusopplæring, konfirmasjon, vigslar og gravferder for medlemmane. Kristen tru og tradisjon vert ført vidare. Seremoniane i kyrkja kostar ikkje noko, dersom ein er heimehøyrande i kommunen. Og dei pårørande slepp betale for kyrkjeleige når eit medlem skal gravleggjast frå kyrkja. Kva nytte ein kjenner at ein har av medlemskapet er ulikt for kvar enkelt av oss. Så her må ein rekne ut bonusen sjølv.

Det er tid for å auke bladpengane. Satsen har ikkje vore endra sidan 2006. Ny sats for bladpengar vert kr 180,- Det er framleis høve til å gje ei gåve til drifta av bladet i tillegg.

**Helsing kyrkjeverje Svein Tøsse.**

### KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 180,-

Annonsepris: kr 3,- pr. sp. Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

**Bladstyrar:** Kyrkjeverja i Vaksdal

**Grafisk utforming:** Wenche Horvei

**Kasserar:** Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd, boks 113, 5721 Dalekvam

**Eksp. og trykk:** Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese.

Tlf. 56 55 36 50.

**Retur til:** Kyrjekontoret for Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam.

**Framsidedeilete:** Humle på kirsebærblomst. Foto Svein Tøsse.

**Stoff til neste nr. må vera kome inn til 3. juli.**



## Trur du på Gud?

For ikkje så mange vekene sidan var det oppslag i media om at delen av nordmenn som har ei eller anna gudstru er nede i 68 %. Undersøkinga er frå i fjor, og syner elles at 18 % av oss kallar seg ikkje-truande. Forskarane meiner at utviklinga har samanheng med strukturelle endringar i samfunnet, som auka utdanningsnivå, urbanisering og innvandring.

Trua på ein gud har nok vanskelege kår hjå oss. Kan det vere fordi me har det så godt, materielt sett? Så godt at me ikkje treng nokon gud? Rett nok kan det vere greit å ha ein gud når ein har problem som ikkje ser ut til å løyse seg. Då er det godt å ha seg ein aldri så liten gud å be til. Men kva skal me med ein slik når alt går godt? Dei som har reklame for ateisme på bussar i mellom anna England og USA er ikkje sikre. Dei vil helst fortelje oss om at det ikkje finst nokon gud, men skriv likevel at det *truleg* ikkje finst nokon gud. Med andre ord: Det *kan vere* gud finst. Dei vil berre ikkje ha noko med han å gjere.

I den kristne trua er Gud den allmektige, han som skapte himmel og jord. Mange kan seie: Korleis er det mogleg å tru på ein allmektig gud når det skjer så mykje vondt i verda? Er Gud verkeleg den han seier han er, ville han vel stoppa det? Andre trur berre på det dei ser. Seier dei, i alle fall. Eg spør: Korleis er det mogleg å *ikkje* tru på ein gud? Dersom eg seier at det ikkje finst ein gud fordi eg ikkje kan skjønna han, seier eg ikkje då at ein eventuell gud er avgrensa av min hjernekapasitet? Men kva slag gud er ein gud om han er avgrensa av min hjerne? Eg vil gjerne ta

på alvor dei som seier at dei ikkje kan skjønna at det finst ein gud. Samstundes meiner eg altså at det er vanskelegare å skjønna at det *ikkje* gjer det.

Læresveinane spurde ein gong Jesus kva gjeringar dei skulle gjere for å bli hans etterfylgjarar. "Tru på han som Gud har sendt" (Joh 6, 29) var svaret. Det handlar om tru. Slik det gjer så ofte elles i livet, oftare enn me nok tenkjer over. Om Gud er ein storleik i tilværet det er vanskeleg å kome nær, er det nett difor Han sendte Jesus. Han ville syne oss det han ville me skulle vite om han, det me kunne greie å vite om Han. Vegen til tru på Gud starter difor hjå Jesus. Han syner oss kven Gud er. I mangel på ein Jesus fysisk til stades mellom oss, har me Den heilage ande. Han kom til Jesus sine etterfylgjarar for fyrste gong pinsedagen, og er den som då og seinare har gjort det mogleg for menneske å tru på Jesus. Og på det viset tru på Gud.

Det vart nokre tankar om Gud, dette. Tankar eg eigentleg ikkje burde våge å ha, særleg ikkje skrive kva eg meiner er Guds tankar. Som om eg kunne skjønna Gud? Vel, det er her me finn noko av det underlege med den kristne trua: Me, i denne samanheng små, menneske kan ha fellesskap med den ufattelege Gud, kan vite noko om Han, kan tru på Han. Kva i all verda er det Gud tenkjer på? Eg veit sjølv sagt ikkje kva og på kva måte Gud tenkjer. Men er glad for at eg får tru på Han. Glad for at han let meg tru på Han. Og glad for at Han vil gje den trua kvart menneske som er open for å ta imot henne.

*Med beste helsing  
Frode Kvamsøe*



# Nedskjeringar for kyrkja i Vaksdal

Kyrkjeleg fellestråd slit med å revidere budsjettet for 2009. Auka kostnader, bortfall av løyvingar frå staten, og mindre auke i kommunale løyvingar enn forventa, gjer at budsjettet ikkje går i hop i år. Skilnaden mellom driftsutgifter og inntekter er på om lag kr 517 000,-.

Kuttlista til fellestrådet er lang, men truleg ikkje lang nok. Sjølv om ein håper på ei tilleggsløyving frå kommunen må det gjerast drastiske tiltak. Kuttlista som må gjennomførast for å få budsjettet i balanse, ser slik ut:

<b>Redusere vedlikehaldet på gravplassane</b>	<b>112 000,-</b>
<b>Dekning av underskot vert utsett</b>	<b>130 000,-</b>
<b>Redusere organiststillinga</b>	<b>25 000,-</b>
<b>Redusere sekretærstillinga</b>	<b>28 000,-</b>
<b>Innføre sal av tenester, kontorane</b>	<b>15 000,-</b>
<b>Redusere varmen i kyrkjene, spare straum</b>	<b>15 000,-</b>
<b>Redusere vikartjenester</b>	<b>12 000,-</b>
<b>Ikkje kjøpe blomar i kyrkjene</b>	<b>10 000,-</b>
<b>Auke satsen for gravstellet</b>	<b>5 000,-</b>
<b><u>Redusere vedlikehaldet på kyrkjene</u></b>	<b><u>15 000,-</u></b>
<b>Sum innsparingstiltak</b>	<b>367 000,-</b>


<b>Søkje kommunen om ekstra løyving</b>	<b><u>150 000,-</u></b>
<b>Sum</b>	<b>517 000,-</b>

Talet på planlagde gudstenester ut året vert redusert. Det vil til hausten vere 10 færre gudstenester enn planlagt, fordelt på alle kyrkjene. Ikkje alle tiltak på lista vil gje den forventa innsparinga, og andre kan vere aktuelle i staden for desse. Nokre av tiltaka får ikkje så stor verknad i år, av di me alt er komne til juni.

Det vert søkt til kommunen om dekning av ein del av desse kostnadene. Dei berekna inntektene på festeavgifta viste seg å vere for høge, og det vert søkt til kommunen om dekning av inntektstapet.

Fellestrådet håper å verte tilgodesett med meir midlar, så det ikkje skal gå for mykje ut over drifta.

Det er alt kome reaksjonar på det manglande stellet på gravplassane, og det er ikkje lett å forsvare kvifor ein ikkje kan halde den standarden me alle ynskjer. Me vil sjølvstøtt prøve å redusere skadeverknadene så mykje me kan, og snur kvar stein på leiting etter løysingar. I mellomtida må me ta inn over oss at den vanskelege økonomiske stoda for kyrkja i Vaksdal er alvorleg.



## Hjelp oss å kjeldesortere!

Det er sett ut to typar avfallsdunkar på dei fleste kyrkjegardane i kommunen. For å spare miljøet og redusere kostnadene med tømning er det meininga at dei som vitjar kyrkjegarden skil mellom restavfall og resirkulerbart avfall. Diverre har ikkje dette verka heilt etter føresetnadene. Blanda avfall ligg ofte både i og utanfor dunkane, og det er mykje ekstra arbeid for dei som skal tømme avfallet. Diverre har merkinga av dunkane falle av nokre stader, men nye skilt er tinga. Det har i desse tronge tider og vore vurdert å fjerne avfallsdunkane frå kyrkjegardane, men det ser ut til at me kan tilby ein stad å gjere avfallet enno ein sommar.

## Ekko

Dette kan lyde som eit ekko for mange, men me har tidlegare skrive i kyrkjebladet om stellet rundt gravsteinane. Det er ikkje lov å nytte runde elvesteinar som avgrensingskant rundt blomebedet. Det kan ikkje lagast blomebed på graver som ikkje har gravminne. Og det er ikkje lurt å setje reiskapar, glaskrukker og plastikkvasar bak gravminna, av di dei kan verte knuste av grasklipparane. Kyrkjegardsarbeidarar har fått kutt-skadar av flygande glasbitar. Alt dette skjer faktisk ofte, trass i at det vert omtala med jamne mellomrom. Difor oppmodar me alle som har spørsmål om å kontakte oss på kyrkjekontoret om de er i tvil om noko.



Dugnadsgjengen på kyrkjetrappa.

Foto: Eirik Normann

## Takk til trappebyggjarane!

Kyrkjetrappa på Stamnes vart reparert i vår, av flittige dugnadsfolk frå Stamnes bygdelag og soknerådet. Midlar frå det nedlagte partiet Bygdelista for Stamnes og Eidslandet sytte for finansieringa av tiltaket. Me takkar for hjelpa, og håper at mange vil nytte kyrkjetrappa på veg til gudsteneste i tida som kjem.



## Kyrkjegardsdagar

Kyrkjegardsdag har vorte tradisjon ved fleire av kyrkjegardane våre. Her er bilete frå Nesheim kyrkjegard siste torsdagen i mai.

# Ragna om bøn



Ragna Lid.

Det vert arbeidd med ei bøneste i kyrkjelydane i Vaksdal etter initiativ frå Ragna Lid i Bergsdalen.

Kyrkjebladet har hatt ein prat med henne om dette temaet. Ragna har rekna seg som kristen sidan 3.oktober 1987, det vil seia i over 21 år, og brenn for at fleire skal få oppdage kva bøn kan gjere med og for oss sjølve og andre menneske.

*- Kva har trua på Jesus fått vere for deg i ditt liv?*

Jesus er min aller beste venn, og trua på han gjer meg glad og trygg.

*- Du har eit engasjement for dette med bøn. Kva vil det seie å be til Jesus?*

Å be til Jesus kan me gjere åleine eller saman med andre. Be kan me gjere kvar som helst og når som helst. Me kan seie, syngje eller berre tenkje ei bøn. Det er ein måte å kommunisere på som ikkje treng verken batteri eller nettverk. Han er alltid glad for ei bøn og har det aldri for travelt til å høyra på oss. Han eg glad i ALLE og vil oss berre godt. Han har mange ulike måtar å svara på.

*- Du har dei siste åra vore leiart for det felles soknerådet for dei fire sokna Nesheim, Bergsdalen, Dale og Vaksdal. Du har eit engasjement for å kunne fremje bønlivet i kyrkjelydane våre. Korleis tenker du det kan skje?*

Me vil oppmuntre alle til å be

meir, og gjerne bruke ei bøneste. Ein kan enten lage seg ei liste sjølv og/eller bruke som utgangspunkt den lista stod på trykk i kyrkjebladet nr 1 i år.

Kyrkjelydane kan lage si eiga liste med lokale emne og leggje ut i kyrkjene, så kan folk ta den med heim og bruke den så ofte dei vil.

*- Det å ha rutiner for sitt eige bønoliv, kva hjelp er det i det?*

Det er til god hjelp så ein ikkje så lett gløymer personar og emne ein ynskjer å be for. Så ein ikkje gløymer å be i ein travel kvardag.

*- Er det nokre bibelstader om bøn som du er særskilt glad i?*

Ja, bøna Fadervår som Jesus lærte oss og som rommar så mykje.

Gjennom heile bibelen vert me minna om at bøna er viktig. Men eg vil eg trekkja fram Filipparbrevet kap-tittel 4. vers 6-7: Gjer dykk inga sut for noko! men legg alt de har på hjarta fram for Gud i bøn og påkalling med takkseiing. Og Guds fred som går over alt vit, skal vara dykkar hjarto og tankar i Kristus Jesus.

*- Kva er di bøn for kyrkjelydane i Vaksdal?*

-At kyrkjelydane må vera levande og varme gode fellesskap der alle føler seg velkomne.

-At me må veksa og få mange fleire og aktive medarbeidarar.

-At me forstår kor heldige me er her i landet som kan enkelt skaffa oss ein bibel, samlast i kyrkjer og bedehus utan fare for å verta forfylgde for det.

-At Gud må velsigna kyrkjelydane våre og kvar enkelt av oss.

*- Kor lenge har du rekna deg som ein kristen?*

Sidan 3. oktober 1987, det vil seia i over 21 år.

*- Kva har trua på Jesus fått vere for deg i ditt liv?*

Jesus er min aller beste venn, og trua på han gjer meg glad og trygg.



# Konfirmantar i Vaksdal



Konfirmasjon i Stamnes kyrkje 10. mai 2009

1. rekke frå venstre: Sigve Myster Dyvik, Ronelyn Lunde Stamnes, sokneprest Edvard Bø, Ida Straume Bah, Joakim Gammersvik

2. rekke frå venstre: Ove Jonny Høines Ulevik, Lisa Natalie Johnsen Lunde, Iselin Dæmring Hagen, Elise Kalvik, Robert Kristoffer Jahren.

Foto: Kristina Gammersvik



Konfirmantar i Bergsdalen kyrkje 3. mai 2009

1. rekkje frå venstre: Åshild Fagerbakke Fosse, Maria Pettersen, Marita Fosse Osvold, Inger Lise Bergo.

2. rekkje frå venstre: Jarand Lid Trøen, sokneprest Frode Kvamsøe, Jonas Skjerveggen Pahlm.



Konfirmantar i Eksingedalen kyrkje 31. mai 2009

Frå venstre: Anna Flatekval, Hege Marie Lavik, sokneprest Frode Kvamsøe, Knut Trefall, Einar Trefall.

Daledagane 2009  
*Konsert i Dale kyrkje*  
*laurdag 13. juni*  
*kl. 10.30*

«En midtsommernattsdrøm»  
*Mendelssohn 200 år*

Komponisten av verdas mest kjende  
 bryllupsmarsj vert presentert i ord  
 og tonar av  
 Olav Arne Steinkopf og  
 Tone Synnøve Øygard Steinkopf.





**Konfirmantar i Dale kyrkje 3. mai 2009**

1.rekkje frå venstre: Cecilie Svarstad Carlsen, Sandra Seim Myklebust, sokneprest Frode Kvamsøe, Marit Hvidsten Stanghelle, Hanne Mehush Lie, Maria Brekke. 2. rekkje frå venstre: Espen Nottveit, Steffen André Kalsås Faugstad, Even Stavenes Tveiterås, Knut Edvard Brattebø Seim, Sindre Roe, Kåre-Robert Rødberg Arne, Sondre Larsen Bjordal. 3. rekkje frå venstre: Even Johansen Indrebø, Arnt Olaf Terjesen, Ivan Utskott Birkeland, Olav Ragnvaldsen, Lars Auro Indrebø, Gry Flügge Terjesen. 4. rekkje frå venstre: Espen Hansen Dalseid, Mikal Andersen, Espen Valestrand Wefring, Ruben Boge Svarstad, Henrik Thorsen Tveiterås.



**Konfirmantar i Vaksdal kyrkje 3. mai 2009**

1.rekkje frå venstre: Cecilie Lindholm Tefre, sokneprest Edvard Bø. 2. rekkje frå venstre: Ruben Marcel Skage Solheim, Kristoffer Mogens Nitter Sviggum Gundersen, Sindre Greve Rolland, Stian Hammer Verpelstad, Aleksander Stanghelle Bruvik. 3. rekkje frå venstre: Johan Torkilsen Bruvik, Anders Stavenes Åsen, Simen Hagen Frotveit, Ørjan Audestad.

# Kyrkjevalet 2009



I haust skal det veljast nye sokneråd. Valperioden er på to år, fram til hausten 2011. Kyrkjevala går føre seg samstundes som stortingsvalet, den 14. september 09. Det skal og gjennomførast bispedømerådsva. Vala vert gjennomførte som fleirtals-

val. Alle som har fylt 15 år i 2009, eller er eldre, har røysterrett. Ein må vere busett i soknet, og vere medlem i Den norske kyrkja. Medlemskapet kan du kontrollere ved å ta kontakt med ditt lokale kyrkjekontor. Det vil kome meir informa-

sjon om valet like etter sommaren.

Ta kontakt med oss på kyrkjekontoret om du har spørsmål om valet.

Listene til valet er ferdige. Sokneråda har 4, 6 eller 8 medlemmar alt etter storleik, og 5 varamedlemmar.

Kandidatane til soknerådsvalet er sette opp i prioritert rekkjefølgje av valstyret.

## Vallister:

### Soknerådsva i Dale sokn

**Valdato: 14. sept. 2009**

Eli Kringlebotten, Stanghelle, 59 år  
Kirsti Furnes, Dale, 62 år  
Roy Steinsland, Stanghelle, 21 år  
Gerd Herborg Hårvik, Dale, 64 år  
Marie Torgersen, Stanghelle, 65 år  
Lena Jordalen, Stanghelle, 39 år  
Øyvind Solberg, Dale, 36 år  
Oddveig Straume, Dale, 64 år  
Tove Bruvik Erdal, Dale, 46 år  
Einar Magne Straume, Dale, 66 år  
Eli Bjørg Leiren, Stanghelle, 55 år

### Soknerådsva i Vaksdal sokn

**Valdato: 14. sept. 2009**

Kristin Straume Audestad, 24 år  
Oddvar Dale, 56 år  
Gudrun Boge Karlsen, 57 år  
Tore Arnesen, 55 år  
Håkon Svensson Kinsarvik, 20 år  
Svein Hovlandsdal, 26 år  
Kari Bø, 51 år  
Magne Emil Hamre Verpelstad, 40 år  
Odd Hisdal, 51 år  
Lene Kristin McClements, 25 år  
Margrete Jamne, 64 år  
Marianne Boge Karlsen, 32 år  
Nils Jorulf Dale, 29 år

### Soknerådsva i Stamnes sokn

**Valdato: 14. sept. 2009**

Ingun Helene Bakkom, 39 år  
Bjørn Stamnesfet, 53 år  
Eli Marit Hvidsten, 38 år  
Ingebrigt Gammersvik, 55 år  
Eidrun Straume Normann, 49 år  
Inger Marie Thunestveit, 44 år  
Olaug Helen Lunde Stamnes, 54 år  
Arne Vik, 56 år  
Monica Myster Dyvik, 26 år  
Ingun Helene Bakkom, 39 år  
Arnliot Møster, 71 år  
Erna Bjørg Vedaa, 73 år

### Soknerådsva i Eksingedalen sokn

**Valdato: 14. sept. 2009**

Inger-Marie Lavik, 32 år  
May-Britt Eriksen, 35 år  
Jon Trefall, 49 år  
Kari Brørvik, 45 år  
Bengt Andre Eriksen, 57 år  
Olaug Elisabeth Holth, 48 år  
Knut Arild Furevikstrand, 48 år  
Liv Edith Lavik, 40 år  
Asbjørn Flatekval, 54 år  
Geir Sigbjørn Høvik, 56 år

### Soknerådsva i Nesheim sokn

**Valdato: 14. sept. 2009**

Frøydis Gullbrå, 38 år  
Solfrid Urke Nese, 44 år  
Olav Gullbrå, 40 år  
Haldis Bjotveit Øvstedal, 38 år  
Marit Fjellanger, 73 år  
Asbjørn Nese, 73 år  
Anita Helen Gullbrå, 39 år  
Magnar Nese, 46 år  
Lilly Johanna Nese, 72 år  
Ingunn Marie Gullbrå, 73 år

### Soknerådsva i Bergsdalen sokn

**Valdato: 14. sept. 2009**

Ragna Lid, 43 år  
Per Småbrekke, 56 år  
Berit Pettersen, 49 år  
Anne Hilde Fosse Osvold, 40 år  
Kari Kristin Hopperstad Rødland, 43 år  
Kari Mona Hernes, 48 år  
Aslak Berge, 40 år  
Kari Berge, 64 år  
Olaug Fagerbakke, 47 år  
Lars Inge Brekke, 62 år  
Anne Lise Bergo, 45 år



# Orgelet i Dale kyrkje

Orgelet i Dale kyrkje er ein kulturskatt som me ynskjer å verna om. Orgelet er på 36 stemmer (36 ulike instrument eller klangkombinasjonar), og har om lag 2500 piper. Det har 3 manualar og pedal. Orgelet var ei stor investering den gong det vart innkjøpt. I dag ville eit tilsvarende instrument ha kosta mellom 6-8 millionar kroner.

Rett før påske i år vart det utført eit større arbeid på orgelet i Dale kyrkje. Det var orgelbyggjar Dietrich Johannes Buder som reparerte tørkeskader.

Då ein byrja å varme opp kyrkjene i Noreg med elektrisk/olje oppvarming gløymde ein å tenkje på orgla. Varmen stod på meir konstant og luftfuktigheita spesielt i vinterhalvåret vart altfor låg. Det førte til at tremateriala byrja å sprekke. Etterkvart som ein vart merksam på desse problema kom det luftfuktarar som skulle syte for at luftfuktigheita ikkje vart for låg. I mange tilfelle kom fuktarane for seint. Slik var det for Dale-orgelet. Tørkeskadane var eit faktum og desse vart reparert med tape. Tape er som kjent ikkje noko som held i altfor mange år. I 2006 fekk ein eit stort problem med orgelet då luftfuktaren stoppa i ein

kort periode. Ein fekk det ein kallar for "hylarar". Fleire av pipene byrja å hyle, ein kan gjerne seie at orgelet byrja og spele av seg sjølv. (Det som skjer er at lufta som skal fram til kvar einskild pipe ikkje kjem fram der ho skal, men kan hende til nabopipa i staden.) Orgelet vart meir eller mindre ubrukeleg og ein fekk orgelbyggjar Dietrich Johannes Buder til å rette opp i dei mest akutte feila slik at orgelet vart spelbart. I april i år har ein endeleg fått reparert desse sprekene på ein fagleg forsvarleg måte.

Orgelet i Dale kyrkje står no på lista til riksantikvaren over verneverdige orgel. Ein ynskjer å ta vare på orgelet på best mogleg måte. No har ein fått gjort eit viktig arbeid med å reparere tørkeskader. Prisen kom på nærmare 50000,- kr. Det er likevel fleire større repara-



sjonar som ein må rekne med å ta i løpet av dei næraste åra. I løpet av ca 10 - 15 år må skinnen på dei fire store belgane skiftast. Dette er ein stor og tidkrevjande operasjon som vil kosta nærare 150000,- kr . I tillegg treng ein å reparere svelltrekkmaskina (Den mekanismen som gjer at ein kan opne og lukke døra til "svellverket" slik at ein kan få crescendo og diminuendo). Dette vil koste

omlag kr 15000. Pedalklaviaturet er òg svært støyande i dag. Det vil koste omlag kr 7500,- å få gjort noko med dette.

Orgelet i Dale kyrkje har stor historisk verdi og vert rekna som eit kulturminne. Vaksdal kyrkjelege fellesråd har lite ressursar og ein vil difor undersøkje om det er mogleg å få stønad frå anna hald td fylkeskommunale eller statlege midlar.

## Konsert i Stamnes kyrkje søndag 26. juli

Tradisjonen tru vert det også i år Kultur dagar og Fiskefestival på Stamnes. Og tradisjonen tru vert det også konsert i Stamnes kyrkje, som avslutning på Kultur-dagane.

Denne gongen er det to flinke, og vel kjende musikarar frå våre eigne bygder som står for konserten!

Me gler oss til å høyra songaren **Hege Eide Vik** og musikaren **Frode**

**Raymond Vik**, som mellom anna vil framføra tekstar av Olav H. Hauge og Jakob Sande, tonesett av Per Indrehus.

Det vert spanande å få vera med på den aller første heile konserten dei har ilag! (Arr.: Skutefolket).

**VEL MØTT i Stamnes kyrkje 26. juli kl 18:00!**

T.h.:Hege Eide Vik og Frode Raymond Vik



## GRAVMONUMENTER



**Fra Brødr. Strand Stenhuggeri**

Vi har alle aktuelle steintyper. Be om katalog og tilbud. NB! Fritt levert og montert alle kirkegårdene i distriktet.

Skrifttilføyelser - Oppussing

**Harald Jordal**

Tlf. 56 59 64 72 e. kl. 17.00



**Hordaland BA**

Avd. 405 Dale

**5721 Dalekvam - Tlf. 56 59 61 01**

 **SparebankenVest**  
– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - [www.spv.no](http://www.spv.no)

**ve vangen elektriske a/s**  
AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

**HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?**

- Elektro svak- og sterkstrøm
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66 [www.vangen-elektriske.no](http://www.vangen-elektriske.no)

## GRAVMINNER



Utstillingen kan sees i butikk.  
Vi lager også modeller etter ønske.



**STEINRIKET  
DALE AS**

• Navntilføyelser • Omslip  
Restaurering • Bolting • Oppretting

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • [www.steinriket.no](http://www.steinriket.no)



*- ein lokal medspelar*



Boks 12, 5721 Dalekvam. Tlf. 56 59 40 40

Din lokale leverandør av snittar, koldtbord, middag og pizza til alle anledninger.

## SÆTERDAL ELEKTRO

Me leverer alt innan elektriker-tenester, også varmepumper.  
Tlf. 56 59 43 00


## VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS

**Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.**

*Kransar - Sløyfer - Oppsatsar - Bårebukettar*

Ann-Elin Mjelde Gullbrå

Tlf. 56 59 74 70 - Mob. 91 17 97 66



Teikning og prosjektering  
av  
Hus, hytte, garasje, terrasse, ark  
Ombygging av  
nye og gamle hus.

Hjelp til byggesøknader

**Meterstokken**

Ing. Svein Tøsse  
Tlf 56 59 80 71  
[meterstokken@vaksdalanet.no](mailto:meterstokken@vaksdalanet.no)



## Anders Magne til Sverige

Anders Magne Tolås Wendel har slutta som prest i Meland, og har flytta til Gøteborg, der kona hans, Lisa, kjem frå. Han er prest i Björlanda församling, og du kan lese meir om han på [www.svenskakyrkan.se](http://www.svenskakyrkan.se) Søk på Björlanda.



Anders Magne Tolås Wendel.



Frå gudstenesta på Leiro i fjor. Foto: Anne Margrete Eikefeth

## Gudstenester i det fri

Sesongen for friluftsgudstenester er i gang! Fyrst ute var Stamnes, men Vassbakkstemna måtte flytta innandørs. Sondag 7. juni var det Fitjvasstemna i samarbeid med Samnanger. Sondag 5. juli er det **stølgudsteneste** i Bergsdalen. Denne gongen skal me samlast på Hatlestadstølen, og det tek om lag 10-15 minutt å gå dit.

Tre veker seinare, den 26. juli er det **Dalastemne**, ved Storavatnet mellom Flatekval og Farestveit. Onsdag 29. juli er det **Olsokgudsteneste** på Leiro (Eidsland), og sundag 23. august er det **Fest på kjerka** i Messehagen på Dale. I denne gudstenesta, der og Sjømannskyrkja er med, vert det presentasjon av konfirmantane i Dale sokn.

Fleire detaljar om desse gudstenestene finn ein i gudstenestelista i Kyrkjebladet. Sjå og i lokalavisene og på plakatar nokre dagar på førehand. Vert ikkje veret godt nok, må ein rekne med at gudstenestene vert innandørs. Det er høve å ta kontakt med prestane viss ein er usikker på kor gudstenestene til slutt finn stad.

## SLEKTERS GANG



### DØYPT

#### Dale

05.04.2009	Adrian Emile Dale
03.05.2009	Odin Tveite
24.05.2009	Linnea Soltvedt Frantzen (døypet i Arna kyrkje)

### Eksingedalen

22.03.2009	Lukas Rambech Nese
03.05.2009	Solveig Lavik



### Stamnes

10.04.2009	Tarald Valentin Goldin
10.05.2009	Salomon Straume Bah

### Vaksdal

12.04.2009	Henrik Tveito Olsnes
19.04.2009	Iben Stammeshagen Lekve



### DØDE

#### Dale

20.03.2009	Kåre Johan Standal	f. 1926
26.03.2009	Arne Vik	f. 1947
18.04.2009	Liv Mary Breidvik	f. 1927

### Vaksdal

18.03.2009	Bernhard Nils Kumle Boge	f. 1926
17.04.2009	Gunvor Folgerø	f. 1936

## Dei ti Guds bod

### 4. Æra far din og mor di

*Det tyder: Vi skal ottast og elska Gud, så vi ikkje vanvøder eller sårar foreldra våre og andre som Gud har sett over oss, men tener og lyder dei, elsker og åvøder dei.*

## VELKOMEN TIL KYRKJA

### Sundag 14.06.2009

2. SUNDAG ETTER PINSE Luk. 16,19-31  
STANGHELLE BEDEHUS kl. 16:00

Familiegudsteneste. Frode Kvamsøe. Stanghelle/ Dale barne-  
songkor deltek. Offer til Familier & Medier.

### Sundag 21.06.2009

3. SUNDAG ETTER PINSE Luk. 14,16-24

VAKSDAL KYRKJE kl. 11:00. Høgmesse. Edvard Bø. Dåp og  
nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

EIDSLAND KAPELL kl. 18:00. Høgmesse. Edvard Bø.  
Nattverd. Offer til Kirkens Nødhjelp.

### Sundag 28.06.2009

4. SUNDAG ETTER PINSE Luk. 15,1-10

DALE KYRKJE kl. 11:00. Høgmesse. Frode Kvamsøe. Dåp og  
nattverd. Offer til Kirkens Bymisjon Bergen.

STAMNES KYRKJE kl. 19:00. Høgmesse. Frode Kvamsøe.  
Nattverd. Offer til Kirkens Nødhjelp.

### Sundag 05.07.2009

5. SUNDAG ETTER PINSE Jak. 4,11-12

BERGSDALEN kl. 15:00. Gudsteneste på Hatlestadstølen.  
Frode Kvamsøe.

### Sundag 12.07.2009

6. SUNDAG ETTER PINSE Luk. 5,1-11

VAKSDAL KYRKJE kl. 20:00. Høgmesse. Edvard Bø. Nattverd.

### Sundag 19.07.2009

7. SUNDAG ETTER PINSE Matt. 5,20-24(-26)

STAMNES KYRKJE kl. 11:00. Høgmesse. Edvard Bø. Nattverd.  
Offer til Norsk Luthersk Misjonssamband.

DALE KYRKJE kl. 20:00. Høgmesse. Edvard Bø. Nattverd.

### Sundag 26.07.2009

8. SUNDAG ETTER PINSE Mark. 8,1-9

EKSINGEDALEN, VED STORAVATNET kl. 12:00. Dalastemna.  
Edvard Bø.

### Onsdag 29.07.2009

OLSOK Luk. 22,24-27

EIDSLAND, LEIRO kl. 18:00. Olsokfeiring. Frode Kvamsøe.

### Sundag 02.08.2009

9. SUNDAG ETTER PINSE Matt. 7,15-20

VAKSDAL KYRKJE kl. 11:00. Høgmesse. Frode Kvamsøe.  
Nattverd.

### Sundag 09.08.2009

10. SUNDAG ETTER PINSE Sal. 8,4-10

DALE KYRKJE kl. 11:00. Høgmesse. Frode Kvamsøe. Nattverd.

### Sundag 16.08.2009

11. SUNDAG ETTER PINSE Luk. 19,41-48

Ingen gudstenester.

### Sundag 23.08.2009

12. SUNDAG ETTER PINSE Luk. 18,9-14

DALE, MESSEHAGEN kl. 11:00. Fest på kjerka. Frode  
Kvamsøe. Konfirmantpresentasjon.

NESHEIM KYRKJE kl. 16:00. Familiegudsteneste. Edvard Bø.  
Konfirmantpresentasjon. Offer til Eksingedalen Sundagsskule.

### Sundag 30.08.2009

13. SUNDAG ETTER PINSE Mark. 7,31-37

EIDSLAND KAPELL kl. 11:00. Familiegudsteneste. Frode  
Kvamsøe. Konfirmantpresentasjon. Offer til Fagertun leirstad.

VAKSDAL KYRKJE kl. 11:00. Familiegudsteneste. Edvard Bø.  
Konfirmantpresentasjon.

STAMNES KYRKJE kl. 16:00. Familiegudsteneste. Edvard Bø.  
Konfirmantpresentasjon. Offer til Fagertun leirstad.

*Sjå annonsar i lokalavisa og oppslag for eventuelle endringar.*

## Kyrkjebøker i Vaksdal

Alle bøkene kan kjøpast på Kyrkjekontoret

### Kyrkja i dalen (2008)


Nesheim kyrkje 100 år.

111 sider - kr. 250,-.

Kan kjøpast i butikkane på Lavik  
og Evanger og i Voss Bokhandel.

Kan òg kjøpast hjå boknemnda:

Albert Gullbrå, Nils N. Nesheim  
og Asbjørn Nese.



### Dei bygde draumen (2005)

Jubileumsskrift for Bergsdalen  
kyrkje 50 år. 220 sider – kr 300,-.

Kan kjøpast her:

Dale: Gyda og Mix

Voss: Notabene i Voss Amfi og

Voss Bokhandel

Evanger: I butikken

Bergsdalen: Hjå medl. i KLU og  
i kyrkja



### Kyrkjestaden Dale 100 år

(1996)

104 sider – kr. 50,-.



### Soga om Stamneskyrkja

(1986)

239 sider – kr. 50,-.

